

04.05.2026

Eksamen

SAM3061 Samfunnsøkonomi 2

Se eksamenstips på baksiden!

Eksamensinformasjon	
Eksamenstid	Eksamen varer i 5 timar. Del 1 skal leverast etter 2 timar. Del 2 skal leverast seinast etter 5 timar.
Hjelpemiddel	På del 1 er det berre tillate med skrivesaker og linjal. Det er ikkje tillate å bruke datamaskin. På del 2 er alle hjelpemiddel tillatne, bortsett frå ope internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon. Du kan bruke alle hjelpemiddel som ikkje krev tilgang til internett. I tillegg har skuleeigar gjort tilgjengeleg nokre utvalde nettbaserte hjelpemiddel. Utover dette gjeld dei følgjande avgrensingane: • Du har ikkje lov til å bruke hjelpemiddel som gjer det mogleg å kommunisere, som mobiltelefon, programvare for samskriving, chat eller liknande. • Du har ikkje lov til å bruke kunstig intelligens til å generere innhald i svaret ditt.
Bruk av kjelder	Du må oppgi eventuelle kjelder du bruker i svaret ditt, slik at sensor kan finne fram til dei. Det inneber at du må skrive • namn på forfattar og tittel på bøker og annan litteratur • nettadresse og dato for når du henta informasjonen frå internett Eksamenssvaret ditt blir undersøkt for plagiat. Dersom du ikkje har oppgitt kjelder du har brukt, kan det påverke vurderinga av svaret ditt.
Vedlegg	1. Utdrag frå artikkel: Kunnskapsdepartementet (2025, 26. juni). Finansiering av barnehager. Regjeringen.no. https://www.regjeringen.no/no/tema/familie-og-barn/barnehager/innsikt/finansiering-av-barnehager/id2344788/ 2. Utdrag frå artikkel: Solgård, J. (2025, 15. oktober). Regjeringen legger opp til å bruke 579,4 mrd. oljekroner i statsbudsjettet. Dagens Næringsliv. https://www.dn.no/politikk/store-regjeringen/politikk/finanspolitikk/regjeringen-legger-opp-til-a-bruke-5794-mrd-oljekroner-i-statsbudsjettet/2-1-1885943

	3. Figur og kort utdrag frå artikkel: Myrvang Ro, H. (2025, 15. oktober). Regjeringen planlegger å bruke 579 milliarder fra oljefondet. E24. https://e24.no/norsk-oekonomi/i/VzKogr/regjeringen-planlegger-aa-bruke-579-milliarder-fra-oljefondet 4. Figur: Oljeprisen siste 10 år. Henta frå E24. https://e24.no/bors/instrument/C%3APBROUSDBR%5CSP.IDCENE 5. Figur: Dollarkurs siste 10 år. Henta frå E24. https://e24.no/bors/instrument/X%3ASUSDNOK.IDCFX 6. Utdrag frå artikkel: Norsk petroleum. (2025, 15. oktober) Statens inntekter. https://www.norskpetroleum.no/okonomi/statens-inntekter
Informasjon om vurderinga	Del 1 og del 2 blir ikkje vekta. Det er den samla kompetansen din som skal vurderast, og som kjem til uttrykk i karakteren.

Del 1 – utan hjelpemiddel

Del 1 består av oppgåve 1 og oppgåve 2.

Oppgåve 1

Du skal svare på **fem** av dei sju deloppgåvene.

I denne oppgåva skal du svare relativt kort. Illustrer med grafisk modell der det er naturleg, og forklar døma dine.

- a) Forklar kva marknadsmakt er. Gi nokre årsaker til at marknadsmakt kan oppstå.
- b) Forklar kva konjunkturarbeidsløyse er.
- c) Forklar kva komparative fortrinn er. Gi nokre døme.
- d) Forklar kva pengepolitikk er.
- e) Forklar kva direkte verkemiddel i miljøpolitikken er.
- f) Forklar kva etterspurnadselastisitet er. Gi døme på kva forhold som påverkar etterspurnadselastisiteten.
- g) Forklar kva som kan vere nokre årsaker til økonomisk ulikskap mellom land.

Oppgåve 2

Ta utgangspunkt i ein marknad for barnehageplassar. Føreset at det er fullkommen konkurranse i denne marknaden.

- a) Forklar og bruk grafisk modell for å vise korleis pris og omsett mengd blir bestemd i ein marknad med fullkommen konkurranse.

I Noreg har myndigheitene valt å innføre maksimalpris på barnehageplass, sjå vedlegg 1.

- b) Forklar og vis med grafisk modell kva effektar ein maksimalpris har i denne marknaden.

Myndigheitene kombinerte maksimalprisen med både utbygging av offentlege barnehagar og subsidiar av barnehageplassar.

- c) Forklar og vis med grafisk modell kva effektar tiltaka kan gi, og gi ei samfunnsøkonomisk vurdering av dette.

Del 2 – med hjelpemiddel

Oppgåve 3

I norsk økonomi har myndigheitene utvikla retningslinjer for finanspolitikken. Desse retningslinjene omfattar råd og tilrådingar og beskriv ofte kva myndigheitene meiner er god praksis. Statsbudsjettet er det viktigaste verktøyet staten bruker for å gjennomføre finanspolitikken (sjå vedlegg 2 og 3).

- a) Gjer greie for gjeldande retningslinjer for finanspolitikken i Noreg i dag.

Noreg er i høg grad avhengig av inntekter frå olje og gass. Dei utgjer ein betydeleg del av både Noreg sine eksportinntekter og dei samla inntektene til staten, sjå vedlegg 6.

- b) Ta utgangspunkt i dagens økonomiske situasjon og relevante vedlegg.
Vurder korleis ein vesentleg oppgang eller nedgang i oljeprisen kan påverke kronekursen, konkurranseevna overfor utlandet og langsiktige utfordringar for norsk økonomi.

Finansiering av barnehager

Artikkel | Sist oppdatert: 26.06.2025

Barnehagene skal være tilgjengelige for alle barn og uavhengig av foreldrenes økonomi.

Foto: Sveinung Ystad

[...]

Det er kommunene som vedtar hvor mye de skal bruke på barnehager over sine kommunebudsjetter.

Kommunene gir tilskudd til godkjente, ikke-kommunale barnehager (privateide, fylkeseide og statlige), og alle barnehager skal behandles likt ved fordeling av midler.

Makspris

Fra 1. august 2024 er maksprisen 2 000 kroner per måned. Fra 1. august 2025 reduseres maksprisen til 1 200 kroner per måned.

[...]

Kjelde/kilde: Kunnskapsdepartementet (2025, 26. juni). Finansiering av barnehager. Regjeringen.no. <https://www.regjeringen.no/no/tema/familie-og-barn/barnehager/innsikt/finansiering-av-barnehager/id2344788/>

Regjeringen legger opp til å bruke 579,4 mrd. oljekroner i statsbudsjettet

Ap-regjeringens forslag til neste års statsbudsjett er klar.

Finansminister Jens Stoltenberg møtte pressen tidlig onsdag morgen.

Foto: Lise Åserud/NTB

Regjeringen legger opp til å bruke 579,4 milliarder oljekroner i 2026, målt ved det strukturelle oljekorrigerte budsjettunderskuddet.

[...]

Det tilsvarer et uttak på 2,8 prosent av Oljefondet ved inngangen på året.


– Norsk økonomi går godt, på tross av usikkerhet i verdensøkonomien. Aktiviteten vokser raskere enn foregående år, arbeidsledigheten holder seg på et lavt nivå, prisveksten anslås å komme gradvis ned og det er utsikter til fortsatt høy reallønnsvekst, heter det i en pressemelding.

[...]

Kjelde/kilde: Solgård, J. (2025, 15. oktober). Regjeringen legger opp til å bruke 579,4 mrd. oljekroner i statsbudsjettet. Dagens Næringsliv. <https://www.dn.no/politikk/store-regjeringen/politikk/finanspolitikk/regjeringen-legger-opp-til-a-bruke-5794-mrd-oljekroner-i-statsbudsjettet/2-1-1885943>

Budsjettimpuls


Budsjettimpulsen er i årets statsbudsjett satt til 0,4%. Budsjettimpulsen forteller oss i hvilken grad oljepenger brukes til å stimulere økonomien sammenlignet med året før.



Nasjonalbudsjettet – Tallene bak figur 3.2


Kjelde/kilde: Myrvang Ro, H. (2025). Regjeringen planlegger å bruke 579 milliarder fra oljefondet. E24. <https://e24.no/norsk-oekonomi/i/VzKogr/regjeringen-planlegger-aa-bruke-579-milliarder-fra-oljefondet>

Oljeprisen siste 10 år



Kjelde/kilde: E24 (u.d). Brent Spot. Nedlastingsdato: 15. januar 2026. [C:\PBROUSDBR\SP \(Brent Spot\) - E24 Børs](#)

Dollarkursen siste 10 år



Kjelde/kilde: E24 (u.d). Brent Spot. Nedlastingsdato: 15. januar 2026

[X:SUSDNOK \(Amerikanske dollar\) - E24 Børs](#)

Statens inntekter

Statens samlede netto kontantstrøm fra petroleumsvirksomheten anslås til 698 milliarder kroner i 2025. Anslaget for 2025 er om lag 4 milliarder kroner lavere enn statens netto kontantstrøm i 2024.


Da de første utvinningstillatelsene ble tildelt midt på 1960-tallet var det få som forsto hva denne næringen skulle bety for norsk økonomi. Petroleumsvirksomheten er i dag Norges største næring målt i verdiskaping, statlige inntekter, investeringer og eksportverdi. Måten vi forvalter de enorme petroleumsinntektene på sikrer også at de kommer hele det norske folk til gode – både dagens og framtidige generasjoner. Næringen er derfor svært viktig for norsk økonomi og for finansieringen av det norske velferdssamfunnet.

Siden produksjonen på norsk sokkel startet tidlig på 70-tallet, har verdien av olje og gassproduksjon bidratt med om lag 26 000 milliarder kroner til Norges brutto nasjonalprodukt målt i dagens kroneverdi. I tillegg kommer verdiskaping fra tjenester tilknyttet utvinning av råolje og naturgass og petroleumsrettet leverandørindustri. Samtidig er bare om lag halvparten av det en regner med er de samlede utvinnbare ressursene på norsk kontinentalsokkel, hentet opp fra bakken.

Makroøkonomiske indikatorer for petroleumssektoren, 2025

Oppdatert: 15.05.2025

Inkluderer ikke leverandørindustri (Kilde: Finansdepartementet)



Kjelde/kilde: Norsk petroleum. (2025, 15. oktober). Statens inntekter.

<https://www.norskpetroleum.no/okonomi/statens-inntekter>

TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGÅVA:

- Start med å lese oppgaveinstruksen godt.
- Hugs å føre opp kjeldene i svaret ditt dersom du bruker kjelder.
- Les gjennom det du har skrive, før du leverer.
- Bruk tida. Det er lurt å drikke og ete undervegs.

Lykke til!

TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGAVEN:

- Start med å lese oppgaveinstruksen godt.
- Husk å føre opp kildene i svaret ditt hvis du bruker kilder.
- Les gjennom det du har skrevet, før du leverer.
- Bruk tiden. Det er lurt å drikke og spise underveis.

Lykke til!